



TRAFIKKSIKKER SKULE

Lokal plan for
Ombo oppvekstsenter
Fogn oppvekstsenter
Sjernarøy oppvekstsenter



Ombo-, Sjernarøy- og Fogn oppvekstsenter

Oppvekstsentrene er både barnehage og skule på 3 av øyane i Ryfylke (Finnøy kommunedel) i Stavanger kommune. Vi er små einingar med eit samla tal på ca 30 - 50 barn på kvar øy. Vegen på alle 3 øyane er smal, utan gang- og sykkelsti og lys. I tillegg fører ferje- og båttrafikk til at mange kjøretøy har høg hastighet når dei skal rekke båten. Dette gjeld både privatbilar og transportbilar/lastebilar. I tillegg kjører det mange store traktorar langs vegen med reiskap som tek stor plass på vegen.

Vegen på alle tre øyane er å rekne som farleg skuleveg, og dei fleste elevane har derfor vedtak om gratis skuleskyss- uavhengig av veglengd. Vedtaka gjeld inntil trafikktryggleikstiltak og utbetring av veg er sette i verk.

Kriterium for å bli ein trafikksikker skule:

Å vere ein trafikksikker skule inneber ikkje ein garanti for at ulykker ikkje skjer, men er eit kvalitetsstempel på godt og helheitleg arbeid med trafikktryggleik.

Planen er utarbeida ut frå dei kriteria Trygg Trafikk meiner ein skule og barnehage bør oppfylle for å bli godkjent som ein trafikksikker, på bakgrunn av læreplaner i fag frå *Kunnskapsløftet 2020* og *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehage og skole*

MÅL

Vi har som mål at alle elevar og vaksne knytte til oppvekstsentra skal *vere trygge* i trafikken og *kjenne seg trygge* når dei ferdast utanfor bygget og i nærområdet.

Elevane skal ha generell kunnskap om trafikktryggleik og lokal kunnskap om trafikksituasjonen i nærområdet.

Rektor, avdelingsleiarar, lærarar og assistentar skal sikre at elevane får god og regelmessig opplæring i trafikktryggleik, skape læringsarenaer for at elevane kan reflektere over eigne haldningar til og atferd i trafikken, og sikre at skuleområdet er trygt, oversikteleg og godt merka.

Dei føresette skal bidra med gode haldningar, sikre at barna har tilfredsstillande utstyr for å ferdast trygt i trafikken og unngå trafikkfarlege situasjonar ved levering og henting.

Bussjåførane skal sikre tryggleik når elevane brukar skuleskyss, bruke merka drop-sone og sikre at alle elevane brukar sikkerhetsbelte.

TILTAK

Plan for trafikktryggleik blir gjennomgått i personalet i starten på skuleåret.

Planen skal gjerast kjent på foreldremøte om hausten og skal ligge ute på heimesida vår.

Oppvekstsentra har trafikkopplæring på alle trinn og tryggleik i trafikken blir tatt inn i undervisinga der dette er mogleg og relevant.

Alle elevar på oppvekstsentera får utdelt refleksvest og refleks kvar haust.

Vi arbeider aktivt for at alle elevane skal bruke refleksvest før og etter skuletid.

Dei tilsette samarbeider med FAU om haldningsskapande arbeid og tiltak for å betre sikring.

På grunn av smale vegar, manglande gangfelt, lite eller ingen gatelys og dårleg sikt for sjåførar, oppfordrar vi elevane til *ikkje* å gå eller sykle til skulen.

Skulane sikrar at *alle* elevar med farleg skuleveg, får plass i skulebussen, uavhengig av avstand til heimen.

Skulane brukar sjekklister og ROS-analyse ved skuleturar. Då verken Fogn, Sjernarøy eller Ombo er landfaste, har vi eit særskilt fokus på tryggleik i samband med båtreiser.

Syssel- og sykkelopplæring er hovudtema på 4. trinn, og blir fulgt opp og repetert på 5., 6. og 7. trinn.

Til hjelp i trafikkopplæringa bruker vi følgjande materiell frå Trygg trafikk: Trafikkboka, sykkeldyktig.no, Sykkelhefte, Egghjelmar og ulike filmar om trafikktryggleik.

Retningslinjer ved tur og utflukt

Prosedyre for planleggje tur:

Lærarane skal:

- gå gjennom eventuell evaluering av tidlegare tilsvarande aktivitet før planlegging og organisering av opplegget
- Gjennomføre DagRos (dagleg risikoanalyse) i samband med planlegginga
- Gi informasjon til heimen.
- Sjå til at det er med tilstrekkeleg vaksne på turen
- Legge ein plan der ansvar for elevar er delt mellom dei vaksne
- Sjå til at ein har med følgjande:
 - førstehjelpsutstyr
 - mobiltelefon
 - elevliste med telefonnummer til føresette
- Rektor/andre tilsette skal ha informasjon om tur på førehand

BÅT OG BUSS:

Som lærar skal du ha fokus på følgjande punkt:

- Informer elevane om korleis dei skal oppføre seg på kaien/haldeplass og ombord i båten/bussen.
- Ha god oversikt over reisetider og sjå til at elevane er samla før ombordstigning.
- Sjå til at elevene sit i ro i seta og at dei bruker sikkerhetsbelte når det er påkrevd (gjeld buss).
- Plasser deg slik at du kan følgje med elevane og gripe inn ved avvikande atferd.

TRAFIKKTRYGGLEIK I LK2020

OVERORDNA DEL

Skolen skal legge til rette for læring innanfor de tre tverrfaglige temaene folkehelse og livsmestring, demokrati og medborgerskap, og bærekraftig utvikling.

Kritisk tenkning og etisk bevissthet er både en forutsetning for og en del av det å lære i mange ulike sammenhenger, og bidrar til at elevane utvikler god dømmekraft

Folkehelse og livsmestring

Korleis kan vi best ruste elevane til å sjølvstendig meistre kvardagen og bevege seg rundt i samfunnet på ein trygg måte?

Demokrati og medborgerskap

Korleis kan elevane si stemme blir høyrte og korleis kan dei bidra til betre tryggleik i trafikken?

Kva meiner politikarane om trafikkspørsmål, og kva gjer dei?

Korleis kan vi fremme elevane sitt engasjement i utfordringar knytta til trafikk på lokalt, nasjonalt og internasjonalt nivå?

Bærekraftig utvikling

Kva er samanhengane mellom trafikk og bærekraft?

RELEVANS FOR ULIKE FAG

Matematikk

- lage og følgje reglar og trinnvise instruksjonar i lek og spel (2.trinn)
- formulere og løyse problem frå eigen kvardag som har med tid å gjere (5.trinn).

Kroppsøving

- Øve på trygg ferdsel i trafikken (2.trinn).
- Forstå og følgje reglar i trafikken (4.trinn).

- Vurdere tryggleik i uteaktivitetar og ferdsel i naturen. Kunne gjennomføre sjølvberging i vatn (7.trinn).

Kunst og handverk

- analysere visuelle virkemiddel i ulike medier og sette lys på aktuelle tema gjennom foto eller infografikk (7.trinn).

Samfunnsfag

- gi døme på kva lover, reglar og normer er og kva slags funksjon dei har i samfunn, og reflektere over konsekvensar av å bryte dei (7.trinn).

Naturfag

- utforske sansene gjennom lek ute og inne og samtale om hvordan sansene brukes til å samle informasjon (2.trinn).
- Lese og forstå faremerking og reflektere over hensikten med desse (7.trinn).

KRLE

- identifisere og reflektere over etiske spørsmål.
- sette seg inn i og formidle egne og andre sine tankar, kjensler og erfaringar.
- samtale om kva menneskeverd, respekt og toleranse betyr og kva det inneber for korleis vi lever saman.

TILRÅING FRÅ TRYGG TRAFIKK OM TRAFIKKOPPLÆRING

1.-4. trinn

“Trafikkopplæringen for 1.-4. trinn skal bidra til at alle barn får øve på trygg ferdsel, og kunne forstå og følge regler i trafikken som fotgjenger.” (tryggtrafikk.no/skole)

I løpet av 1.-4. trinn skal elevane på oppvekstsentra

- trene på ferdsel i trafikken i nærområdet til skulen
- lære seg trafikkreglar for ferdsel på skuleveg og i fritid
- undersøke eigen skuleveg og reflektere over utfordringar ved trafikktryggleiken
- øve på å telle køyretøy, registrere trafikk og vurdere vegbreidde og plass til fotgjengarar
- trene på bruk av sykkel, korrekt utstyr og trafikkreglar saman med vaksne

Ressursar

barnastrafikkclubb.no

skolenmin.cdu.no

4.-7. trinn

“(...) alle barn skal få like muligheter til å skaffe seg gode ferdigheter på sykkel og grunnleggende kunnskap om trafikksikkerhet.” (tryggtrafikk.no/skole)

I løpet av 4.-7. trinn skal elevane på oppvekstsentra

- trene på sykkel i enkel trafikk og, etter kvart, sjølvstendig sykling i meir krevjande trafikk
- lære å lese og forstå relevant skilting
- gjennomføre prosjektarbeid om trygg trafikk i nærområdet
- lære seg å ta ansvar for dei mindre elevane i trafikken ved skulen og elles i fritida

Ressursar

sykkeldyktig.no

skolenmin.cdu.no